Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Britt Solheim, 55572334

Vår dato
01.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11888
Dykkar referanse
Frank Robert Aas

Nor Tekstil AS avd. Voss
Bjørgåsvegen 4
5707 Evanger

Rapport frå tilsyn ved Nor Tekstil AS avd. Voss 8. september 2015
Rapportnummer: 2015.075.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Frank Robert Aas

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Mari Katrine Berg og Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 4 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Avfallshandtering
- Handtering av kjemikal
- Utsleppskontroll

Avvika er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Nor Tekstil AS avd. Voss må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. februar 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Voss kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Nor Tekstil AS avd. Voss	**Risikoklasse:** 3
Besøksadresse: Bjørgåsvegen 4, 5707 Evanger	
Postadresse: Bjørgåsvegen 4, 5707 Evanger	
E-post: frank.robert.aas@nortekstil.no	**Telefon:** 970 54 288
Kommune: Voss	**Organisasjonsnr.:** 971 790 652
Bransjenr. : 96.010 Vaskeri- og reinseriverksemd	**Eigar (org.nr.):** 988 023 868
Løyve sist oppdatert: 14.05.2002	**Siste tilsyn:** 20.02.2013

2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter og produktkontrollova blir haldne.

Tilsynet blei også gjennomført som ein del av en landsdekkjande aksjon i vaskeri- og reinseribransjen. Målet med aksjonen er å kontrollere utslepp, handtering av kjemikal og farleg avfall, og samstundes sikre lik praksis for regulering av bransjen rundt om i fylka.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll
- Bruk av kjemikal og substitusjonsplikt
- Handtering av farleg avfall
- Utsleppskontroll

3. Oppfølging etter tilsynet

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. februar 2016 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. februar 2016, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Nor Tekstil AS avd. Voss skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 200 kroner for den gjennomførte tilsynet. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova §7 om plikt til å unngå forureining
- produktkontrollova § 3 om plikt til aktsemd og § 3a om substitusjonsplikt
- internkontrollforskrifta § 5
- avfallsforskrifta, kapittel 11 om farleg avfall
- løyvet av 14.05.2002

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).

- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Informasjon gitt til verksemda

Regelverk som det ble informert om:

- Rettleiar til regelverk for verksemder www.regelhjelp.no
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) § 3 og 3a
- Forskrift om systematisk helse, miljø- og sikkerhet i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Diverse infoskriv om avfall, farleg avfall, substitusjonsplikt

8. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 5, 6 og 7

Kommentar til regelverket:
Alle norske verksemder pliktar å ha internkontroll. Internkontrollen gjev reglar om kva arbeidet med HMS skal innehalde, og kva som skal dokumenterast skriftleg. Under tilsynet blei det avdekka manglar ved verksemdas internkontroll med omsyn på ytre miljø, gitt i punkta under.

Manglande oversikt over korleis ansvar er fordelt (punkt 5)
Bedrifta skal ha oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet er fordelt. Dette gjelder til dømes kven som har ansvar for kjemikalie- og avfallshandteringa og verksemdas utsleppskontroll.

Risikovurdering for ytre miljø har manglar (punkt 6)
Risikovurderinga skal omfatte risiko for ytre miljø ved både normal drift og ved akutte hendingar. Risikovurderinga skal vere skriftleg dokumentert. Bedrifta skal kartleggje farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko og utarbeide planer og tiltak for å redusere risikotilhøva for ytre miljø.

Mangelfulle rutinar for ytre miljø (punkt 7)
Bedrifta skal ha skriftlege rutinar for at krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø og tryggleikslovgjevnaden vert avdekka, retta opp og kan førebyggjast. Avvik kan definerast som « Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov». Dette kan for ytre miljø gjelde forureinande utslepp til vatn, luft eller grunn, feil lagring av farleg avfall eller kjemikal med fleire.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Ansvarsfordeling
Bedrifta har ikkje dokumentert i internkontrollen kven som er ansvarleg for mellom anna handtering av farleg avfall, vurdering av kjemikal og utslepp frå verksemda.

Risikovurdering
Nor Tekstil AS avd. Voss har ikkje vurdert risiko for korleis utsleppa frå vaskeridrifta påverkar Evangervatnet/ kommunalt nett. Prosessavløpsvatnet frå verksemda blir ført til kommunalt avløpsanlegg nedstraums slamavskiljaren. Prøvetakinga blir ikkje utført i tråd med krav i utsleppsløyvet. Dette er heller ikkje risikovurdert. Risikovurderinga inneheld ikkje vurderingar for lagring av kjemikal rett innafor utgangsdør i vaskeriet og nær garasjeport. (sjå bilde). Det mangla risikovurdering for lagring av kjemikal i rom med gasstank. Om slamrestar og avfall frå sandfang kan innehalde farlege stoff var heller ikkje risikovurdert. Dette bør vere med i risikovurderinga for at eventuelle førebyggjande tiltak skal kunne bli i verksett.

Skriftlege rutinar
Skriftleg rutine for lagring og handtering av kjemikal kunne ikkje visast fram ved tilsynet. Skriftleg rutine for gjennomføring av substitusjonsvurderingar mangla også.

Nor Tekstil AS avd. Voss har ikkje liste med oversikt over farleg avfall som kan oppstå i bedrifta.

Avvikshandtering
Bedrifta har system for avvikshandtering, men manglar skriftleg rutine for oppfølging av overskridingar av utsleppsgrensene gitt i løyvet. Avvik frå krav i utsleppsløyvet vert ikkje registrert i internkontrollen. Dette gjelder overskriding av utsleppsgrenser for fosfat analysert som Tot-P. Dette gjelder også når krav i utslepppløyvet ikkje vert overhaldne, som at prøvetakinga ikkje vert utført i tråd med Norsk standard.

Avvik 2: Bedriftas avfallshandtering er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:
- Avfallsforskrifta §§ 11-4, 11-5, og 11-8
- Forureiningslova § 7, jf. § 32
- Løyve av 14.05.2002, punkt 5.3

Kommentarar til regelverket:
§ 11-4 Farlege avfallstyper som er omfatta av Avfallsforskrifta Kapittel 11
Bedrifta har ansvar for å vurdere om avfallet er farleg avfall eller ikkje. Avfallstypar, som er merka med stjerne i vedlegg 1 til dette kapittelet, den europeiske avfallslista (EAL), er farleg avfall. Anna avfall kan også vere farleg avfall om innhaldet av farlege stoff overskrid grenseverdiane gitt i vedlegg 3 til kapittel 11.

§ 11-5. *Forsvarleg oppbevaring mv. av avfall og farleg avfall*
Farleg avfall skal handterast forsvarleg. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneskje eller dyr. Farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

§ 11-8. *Leveringsplikt*
Farleg avfall som oppstår i bedrifta skal leverast til verksemd som har løyve til å handtere avfallet i tråd med avfallsforskrifta §§ 11-6 og 11-7. Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong pr. år.

Ved levering skal bedrifta gje tilstrekkelege opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar, slik at vidare handtering av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte. Når farlig avfall blir levert skal bedrifta fylle ut deklarasjonsskjema.

Forureiningslova § 7 seier at verksemda ikkje må gjere noko som fører til forureining. Hovudregelen i forureiningslova § 32 er at næringsavfall skal leverast til lovleg avfallsanlegg. Eit lovleg avfallsanlegg har løyve frå Miljødirektoratet eller Fylkesmannen, jf. § 29.

Lova opnar for at næringsavfall kan gjenvinnast eller brukast på annan måte. I slike tilfelle er det ein føresetnad at slik gjenvinning eller bruk på annan måte kan finne stad utan at det medfører fare for forureining eller skapar avfallsproblem, jf. §§ 7 og 28. Verksemda må då ha risikovurdert at slik gjenvinning/annan bruk skjer utan fare for forureining.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Vurdering av farlege avfallstyper
Bedrifta har ikkje liste over type farleg avfall som kan oppstå i verksemda. Vedlegg 1 til Avfallsforskrifta kapittel 11 var ikkje brukt aktivt for å få oversikt over bedrifta sitt farlege avfall.

Ved tilsynet var utjamningstanken nettopp tømt for slam. Det er ikkje tatt prøver av slammet for å sjå om det er farleg avfall eller ikkje. Dette er viktig for vidare handtering og levering av avfallet.

Det blei opplyst at sand frå sandfang ikkje var analysert for å kontrollere om det er farleg avfall eller ikkje. Sanden blei spreidd utanfor vaskeriet og plassert for å fylle ut i groper hist og pist.

Oppbevaring
Farleg avfall som lysstoffrøyr og restar av kjemikal var lagra på forskjellige stader. Samlekaret for lagring av sprayboksar var fjerna av transportør ved siste henting av avfallet. Nytt kar var i bestilling ved tilsynet.

Leveringsplikt
Batteri blir ikkje levert som farleg avfall. I 2014 var berre sprayboksar levert som farleg avfall jf. bedriftas Eigenrapportering for 2014 via Altinn.

Avvik 3: Bedrifta har mangelfull handtering av kjemikal

Avvik frå:
- Produktkontrollova §§ 3 og 3a
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7

Kommentarar til regelverket:
Plikt til aktsemd
Bedrifta må vise aktsemd ved lagring og bruk av kjemikal, og treffe rimelege tiltak for å førebyggje og avgrense utslepp.

Substitusjonsplikta
Ei bedrift er sjølv ansvarleg for aktivt å vurdere dei kjemikala som vert nytta. Mindre skadelige alternativ skal veljast om dette kan gjerast utan urimelege kostnader og ulempe. Vurderingane for substitusjon skal vere skriftlege.

Svanemerka kjemikal oppfyller strenge miljøkrav, og om slike produkt vert nytta, er substitusjonsplikta oppfylt. Nokre leverandørar har tilsvarande "snille" produkt, men som ikkje er svanemerka. Det er difor ikkje tilstrekkeleg for ei bedrift som brukar kjemikal å vise til miljøbevisste leverandører, og på den måten sei at dei har vurdert substitusjon. Substitusjonsplikta ligg hos brukaren av kjemikala, og det er difor brukar/bedrifta som må kunne dokumentere at substitusjon er vurdert.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Lagring av kjemikal utan oppsamlingsløysing
Kjemikala blei lagra mellombels utan barriere i rom nær garasjeport og utgangsdør (sjå bilde). Om uhell skulle skje, vil dei flytande kjemikala kunne renne ut i naturen, fordi det ikkje fins tersklar som kan hindre dette. Bedrifta har absorberande masse, men han var ikkje lett tilgjengelig frå området der kjemikala var plassert.

Fleire dunkar med kjemikal av same merke, til bruk i gassanlegget, var lagra oppå kvarandre i rommet der gasstanken var plassert.

Manglande skriftleg dokumentasjon på substitusjonsvurderingar
Sentralt i konsernet er det gjennomført ei overordna vurdering av Nor Tekstil AS sine vaskekjemikal og plikt til substitusjon. Dokumenterte substitusjonsvurderingar for dei einskilde vaskekjemikala som vert nytta ved vaskeriet manglar.

Avvik 4: Bedriftas utsleppskontroll har manglar

Avvik frå:
- Utsleppsløyvet av 14. 05. 2002, punkt 2.2 og 2.5
- Internkontrollforskrifta § 5, punkt 6

Kommentar til regelverket:
Overskridingar av utsleppsgrenser
Utsleppsgrensene som er regulert i løyvet skal overhaldast.

Kvalitetssikring av målingane
Prøvetaking og analyse skal gjennomførast etter Norsk Standard. Andre metodar kan nyttast om det kan dokumenterast at desse gir tilsvarande resultat. Det er krav om at måling av pH, og måling av mengde prosessavløpsvatn som går til kommunal avløpsleidning, skal gjerast kontinuerleg og loggførast dagleg.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Overskriding av utsleppsgrensar
I utsleppsløyvet er det satt grense for utslepp av total fosfor, Tot-P til 3,35 mg/l. Under tilsynet blei det lagt fram analyseresultat som viste at utsleppa var for høge både i januar, februar, mars, mai og i juni i år.

Kvalitetssikring av målingane
Prøvetakinga blir ikkje utført i tråd med krava i utsleppløyvet. Bedrifta har ikkje etablert automatisk prøvetaking. Prøvetakinga skjer ved manuell stikkprøvetaking. Automatisk pH-måling er prøvd ut, men har ikkje fungert slik det var planlagt. Vassmengd inn blir målt, men vassmengda som går ut blir kalkulert.

Bedrifta har ikkje lagt fram dokumentasjon på at metoden som blir brukt ved prøvetakinga gjev like gode og pålitelege resultat som kan oppnåast ved bruk av anerkjend standard.

Overskridingar av utsleppsgrensar er ikkje vurdert som avvik og er difor ikkje tatt med i avvikshandteringa til bedrifta, sjå avvik 1.

9. Merknader

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

10. Andre forhold

Den gang utsleppsløyvet blei gitt, hadde Voss kommune planar om, innan ein periode på tre år, å forlenge eksisterande utsleppsleidning til 25 meters djupn og å ta i bruk pumpestasjon. Bedrifta har ikkje kjennskap til om dette arbeidet er utført. Det er etablert utjamningstank og alt prosessavløpsvatn frå verksemda blir samla i tanken før utslepp til kommunalt nett.

Nor Tekstil AS avd. Voss har ikkje krav i utsleppsløyvet om å utarbeide måleprogram, fordi utsleppsløyvet er av eldre dato. Bedrifta skal søkje om endring av løyvet i næraste framtid, og krav om måleprogram vil inngå i det nye løyvet. Sjå vedlagt infoskriv «*Forventninger til industriens utslippskontroll»*.

Dei tilsette i bedrifta som jobbar med kjemikal skal få kurs i handtering av kjemikal. I samband med kurset skal det utarbeidast ein prosedyre for tiltak ved utslepp. Denne prosedyren kan implementerast i bedrifta sin eigen prosedyre for handtering av kjemikal.

I løyvet er det satt grenser for utslepp av avløpsvatn frå verksemda. Til dømes skal utsleppskonsentrasjonen for total mengde fosfor, tot-P ikkje overstige 3,35 mg/l.
Nor Tekstil AS avd. Voss har rekna ut maksimalt årleg utslepp av alle komponentane og satt desse opp mot reelle årlege utslepp. Ut frå dette er prosentdel av maksimal utsleppsgrense rekna ut. Utsleppsgrensene som er oppgitt i mg/l for utsleppskomponentane skal aldri overskridast.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået føre til ein tilsvarande reduksjon av utsleppa. Dette vil bli presisert i det nye løyvet.

Sikkerheitsdatablad
Nye krav til sikkerheitsdatablad trådde i kraft i Norge 10. april 2013. Det er til dømes innført nye faresymbol. Dette er gjennomført i samband med Noregs implementering av EUs kjemikalregelverk REACH. Fleire overgangsordningar gjeld. De må kontakte leverandøren for kjemikala, slik at sikkerheitsdatablad er oppdaterte etter gjeldande regelverk.

Avfallsdeklarering.no
I mai 2015 vart avfallsdeklarering.no opna, det nye elektroniske systemet for deklarering av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Begge systema gjeld i ein overgangsfase, men Miljødirektoratet har sendt ut sterke signaler om at papirdeklarering i stor grad skal fasast ut innan utgangen av året, til fordel for det nye systemet på nett. Les meir på Miljødirektoratets nettside og finn rettleiaren vedlagd.

11. Bilde